

Torsk



Status og råd


Bestanden er i god stand og over langtidsgjennomsnittet (1946–2010). Gytebestanden er på eit historisk høgt nivå. Årsklassene 2004 og 2005 er godt over gjennomsnittet, medan årsklassene 2006–2010 er på eller litt i underkant av gjennomsnittet. 2011-årsklassen var rekordsterk på 0-gruppe stadiet, men det er usikkert om den vil bli rekordsterk også på seinare alderstrinn. Bestanden auka sterkt frå 2006 til 2009, totalbestanden ser no ut til å stabilisere seg rundt 2,5 millionar tonn. Bestanden blir forvalta av Noreg og Russland i fellesskap. Den gode bestands-situasjonen skuldast i stor grad at ein har følgd forvaltingsplanen i fleire år. Torsken har dessutan spreidd seg utover eit større leveområde i Barentshavet dei siste åra, noko som truleg heng saman med høge temperaturar og store isfrie område. Vekst og kjønnsmodning ser så langt ikkje ut til å vere påverka av endringane i bestanden.

Fiskeri

Totalkvoten for 2010 var 607 000 tonn, medan den totale internasjonale fangsten var 610 000 tonn. Norsk fangst utgjorde 265 000 tonn i 2010. Andre fangstnasjonar er i rangert rekkefølge: Russland, Færøyaene, Spania, Island, Storbritannia, Tyskland, Grønland, Portugal, Frankrike, Kviterussland og Polen. Om lag 70 % av årsfangsten blir tatt med botntrål, resten blir fiska med garn, line, snurrevad og juksa. Fisket i 2010 vert rekna som berekraftig.

Nordlegare gyting

Ein stadig større del av den gytemodne torsken (skrei) vert fiska nord for det tradisjonelle hovudgyteområdet i Lofoten. Mykje skrei er tatt langs kysten nordover frå Lofoten til Sørøya (eit tradisjonelt gyteområde) og også på kysten av Vest-Finmark. Fenomenet er ikkje nytt; også i perioden 1930–1950 var det ei nordleg gyting. Dette veit vi frå fangststatistikkar (leveransar av rogn og torsk fordelt på område langs kysten). I perioden 1930–1950 var det varmare enn normalt i havet, slik det også er i dag, og dette trur vi er ein av hovudgrunnane til at gyteområda har flytta seg nordover.



Utvikling av fangstar av nordaustarktisk torsk. Raud linje viser norsk fangst, blå viser andre lands fangst, og grønn linje viser urapportert fiske.

Development of catches of Northeast Arctic cod. Red line shows Norwegian catch, blue line shows catches by other countries, and green line shows IUU-catch.

Kontaktperson: Bjarte Bogstad | bjarte.bogstad@imr.no

NORDAUSTARKTISK TORSK

Torsk – *Gadus morhua*

Andre norske namn: Skrei, jedd, jadd, bruning

Familie: Torskefamilien

Maksimal storleik: 169 cm og 55 kg

Utbreiing: Den varme sida av Polarfronten i Barentshavet

Hovudgyteområde: Lofoten/Vesterålen

Gytedidspunkt: Mars–april

Føde: Fisk og krepsdyr


Nøkkeltal:

AVTALT KVOTE 2012: 751 000 tonn,
norsk kvote: 333 357 tonn

AVTALT KVOTE 2011: 703 000 tonn,
norsk kvote: 316 269 tonn

FANGST 2010: 610 000 tonn,
norsk fangst: 265 000 tonn

NORSK FANGSTVERDI 2011: Ca. 3,9 milliardar kroner



Fakta om bestanden:

Torsk er ein rovfisk tilknytta botnen, men i Barentshavet kan han i delar av året opphalde seg mykje i dei frie vassmassane. Ungfisk (0–2 år) et mykje dyreplankton, medan fisk og botnorganismar er viktigast for den eldre torsken. Dei viktigaste gytefelta for nordaustarktisk torsk er i Vesterålen/Lofoten. Egga blir gytt i frie vassmassar i februar–april. Både egg og larvar driv med straumen inn i Barentshavet, der yngelen botnslår seg seint på hausten. Mesteparten av bestanden finn ein i Barentshavet, på den varme sida av Polarfronten (til ca. 76°N og 50°Ø). I varme år går utbreiinga lenger nord og aust. Såleis fann ein hausten 2011 torsk heilt nord til 81°N (nord for Svalbard) og aust til 59°Ø (vest for nordspissen av Novaja Semlja).

Den nordaustarktiske torsken er den største torskebestanden i verda. Andre havbestandar av torsk finst ved Island, Færøyaene, i Austersjøen, Nordsjøen og Irskesjøen, vest av Skottland og i Georges Bank- og Newfoundland-områda i Nordvest-Atlanten. I tillegg finst det lokale kyst- og fjordbestandar langs kysten av Noreg, Sør-Grønland og Canada.